



Org.nr.: 970 222 294

ÅRSMØTE 2024 – PROTOKOLL

Stad: Velledalen Grendahus
Dato: 27.2.2025
Frammøtte: Styret med varamedlemar og 9 andelshavarar
Tidspunkt: 19:30 – 21:00

- I. **Godkjenning av innkalling** - Godkjent
- II. **Val av referent** – Sveinung Vemøy blei valt.
- III. **Val av møteleiar** – Leiar Arne Oskarson blei valt.
- IV. **Årsmelding** for laget vart lest og godkjent med nokre tilleggsopplysningar vedr. reservevassskjelde, og med utdjuping av nokre spørsmål frå dei frammøtte. Sjå referat side 1 – 4.
- V. **Rekneskap 2024** – Vart godkjent med **eit overskot kr.162.829.**
- VI. **Handlingsplan 2025** – Blei tatt til vitande. Sjå side 5 – 6.
- VII. **Val av styre og valnemd** – Nytt styre blei valt i samsvar med valnemda si tilråding. Valnemda tok gjenvæl og blei valt. Sjå resultat av valet side 6.

IV. ÅRSMELDING FOR 2024

1. Andels-eigarar, leing og teknisk drifts-personale

Velledalen Vasslag SA hadde ved siste årsskifte 138 andelshavarar. Styret har sidan årsmøtet den 29.02.2024 vore samansett slik:

- Styrets leiar:	Arne Oskarson
- Styremedlem: reknskap	Asle Skoglund
- Styremedlem: Teknisk	Norman Hole
- Varamedlem:	1 Sveinung Vemøy
	2 Kjell Hansen

Alarmkontakt	1. Charles Jacobsen
Sekundær alarmkontakt:	2 Norman Hole
	3. Geir Helge Grebstad
	4. Kai Skylstad

Valgperioder:

Arne Oskarson, styreleiar (2023-2024)

Norman Hole, styremedlem -teknisk (2023-2025-2026)

Asle Skoglund, styremedlem -rekneskap (2023-2024)

Arne og Asle er på val.

Styret blei utvida med varamedlemer:

Sveinung Vemøy, 1. varamedlem (2024-2025)

Kjell Hansen, 2. varamedlem (2024)

Kjell Hansen er såleis på val.

2. Oppgåver og mål-oppnåing

Vasslaget arbeider for sikker leveranse av helsemessig trygt drikkevatt, innanfor dei grenseverdiane som følgjer av drikkevassforskrifta. Analyseresultata viser at vasskvaliteten er mykje god.

I samsvar med regelverket vert mulige avvik ved drifta registrert, undersøkt og fylgt opp slik at dei snarast kan lukkast.

Leveringstryggleik og kapasitet har gjennom året vore god. Vasslaget rapporterer vassverksdata til Mattilsynet. Det vert framleis registrert mindre lekkasjar i nettet enn året før og det samla uttaket vatn er difor litt redusert.

Vasslaget har som målsetjing å melde frå på førehand til abonnentane om avbrot eller redusert trykk i vassforsyninga. Det har i 2024 ikkje vore planlagde avbrot i forsyninga men det har vore eit tilfelle av leveranse av vatn med humusholdig farge en kort periode der elva var ekstrem stor. I dette høve blei det bestemt, for å vere på den sikre sida, sendt ut kokevarsel. Dette blei gjort gjennom sms og varslingsystemet til Sykkylven Energi. Seint kvelden var vatnet «friskmeldt» med hensyn til misfarging. Vassprøve blei tatt og analysert neste morgon og denne var ok

3. Tilsyn og vedlikehald

Styret har i 2024 utført vanleg ettersyn på anlegget. Charles har vore uvurdelig her.

Det er utført service på UV anlegg og tilstanden på dette er god.(*)

Ved sida av desse vedlikehaldstiltaka har det vore utført mindre vedlikehald etter behov.

Det er no ein uformell avtale med Brunstad Kraft AS for at vasslaget kan få kopla til reservevassforsyning i frå deira anlegg(*red.anm.:nye opplysningar kom fram under årsmøtet, sjå referat lenger bak*) . Det har vore møte for planlegging av dette tiltaket.

Det har imidlertid vore problematisk med å få tak i autoriserte sveisere for arbeidet som skal gjerast inne i kraftversbygninga.(Trykkklasse PN100)

Arbeid med klargjering for påkobling av vatn i reinseanlegg er utført og klart.

Kvaliteten på leidningsnettet er generelt tilfredsstillande med stadig lengre tid mellom større lekkasjehendingar.

Tekniske forhold ved anlegget, herunder trykkforhold og kapasitet, fungerer tilfredsstillende for alle abonnentar.

Det har vore tatt ei grovkartlegging av lekkasjer på alle ledningstrekk.

Der er en stor lekkasje på ledninga som går til Hole. Det er planen å ta få kartlagt kvar denne lekkasjen er og reparert dette.

Vasslaget ved Norman Hole og Asle Skoglund hadde den 11.11.2024 møte med Mattilsynet. Møte blei halde på Hole Anlegg AS og etter ein gjennomgang av deira forskrifter og krav samt fokusområdet til mattilsynet.

Det blei redgjort for sjekkpunkt fra forrige møte.

Aktuelle tema var:

- 1 Sikring av vasstilsig til dam ved lite tilsig.
Utført
- 2 Etablere reservevassforsyning
Etablert påkobling i reinseanlegg og klargjort der.
- 3 Oppdatere internkontrollsystemet
Utført
- 4 Gjere risikovurderinger med hensyn til leveringsikkerheit.
To aktuelle reservevassforsyninger, Brunstad Kraft og Velle Kraft.
- 5 Bygge om renseanlegg for enklere vedlikehald og drift.
Kun etablert internett i renseanlegg og webcamera for overvåking av UV og vassmåler
- 6 Utføre lekkasjesøk på ledningsnett.
Utført grovkartlegging av ledningstrekk.
- 7 Tilbakeslagsventiler fra ledningsnett til risiko-abonnenentar.
Ikkje utført.

Vasslaget redgjorde for arbeid og tanker vi har framover og mattilsynet understreka at der var fleire mangler på renseanlegget. Det blei redgjort for planlegging av nytt eller oppgradering av renseanlegg.

I rapport fra Mattilsynet vart det gjort følgende vedtak:

- 1 Velledalen vasslag må:
Legge frem fremdriftsplanen for etablering av det planlagte, nye vannbehandlingsanlegget.
- 2 *Dokumentere at vannbehandlingen er tilpasset råvannskvaliteten basert på farekartleggingen.*

Vasslaget har næringslivs forsikring i Gjensidige. Denne dekkjer både teknisk anlegg, bedrifts ansvar og produktansvar.

4. Andre tilhøve

Det har vore møte med Sykkylven Energi om vassberedskap i krisesituasjoner og samarbeid om reservevassforsyning. Det blei bestemt å arbeide vidare med dette framover og halde en dialog.

5. Økonomi

Asle Skoglund har ført rekneskap og følgt opp administrative oppgåver i 2024.

Det har komt 2 nye abonnenter i inneverande år
 Reknskapet syner eit overskot for året på kr 162.829,-
 Det blei et stor overskot på grunn av utsatt ombygging av reservevassforsyning på Brunstad Kraft sitt anlegg. Dette vil bli utført i 2025. For komande år er det planlagt å etablere reservevassforsyning, og foreta lekkasjereduksjon på ledningsnettet.

Års-gebyret er på kr 404 (+ mva) og dette foreslås uendra,
 Kostnadsbidraget bør vere kr 1.605 for å dekke investeringar på reservevassforsyning og lekkasjesøk/reperasjon .

Styret har utarbeida et nøkternt budsjett for neste år, med handlingsrom for nemte utbedringer. Styret meiner at rekneskapen gir ei rettvissande oversikt over utviklinga og resultatet av samvirkeføretaket si verksemd og stilling.

Styret foreslår at overskot for året, kr. 162.829.- vert ført mot udekka tap.

Velledalen, 20. februar 2025

I styret for Velledalen Vasslag SA

Arne Oskarson
styret sin leiar

Asle Skoglund
styremedlem/rekneskap

Norman Hole
styremedlem/teknisk

*)Spørsmål frå Sigbjørn Brunstad til årsmeldinga:

Har det vore leidningsbrot påvist i 2024?

Normann Hole svarar at dette ikkje har vore påvist/kjent i 2024. Sigbjørn minner om at dette i so fall må vere første året nokon sinne utan leidningsbrot i forsyningsnettet.

Korleis fungerer reinseanlegget?

Normann Hole svarar at dette er godkjent, og må vere det «beste tekniske anlegget» i bygda. Dette har han etter opplysning frå servicepersonell som har hatt tilsyn med anlegget. Det manglar ein UPS som trer inn med batteridrift ved ev. straumstans. Det vart elles skifta ei pakning ved filteret, så då vart også dette i orden. «Vi har den beste råvasskvaliteten i heile distriktet», iflg. nemnte servicepersonell.

Mattilsynet har godkjent anlegget, men etterspør planar for nytt hus til reinseanlegg. Slik plan vert å legge fram i løpet av 2025. Dei har elles fokus på risikovurderingar, t.d. ved ei ulykke som kunne forureine vasskjelda, og tilrår difor ein dagtank til reservevatn tilsvarende 2 dagars forbruk. Denne ville kost 4-5 mill. å bygge. Meir om dette under Handlingsplan på neste side.

V. Rekneskapen 2024

Rekneskapen blei gjennomgått og godkjent med **eit overskot kr. 162.829.-**

Dette blir ført mot udekka tap.

Ved årsskiftet hadde laget ei gjeld ved lån i spb.Møre, **kr. 887.592,-**

VI. Handlingsplan 2025

Styret orienterte om sine tre prioriterte områder dette året:

1. Kontroll med lekkasjer/lekkasjetetninger
2. Reservevassforsyningar
3. Oppgradere renseanlegg med nytt hus

1. Kontroll med lekkasjar

Det vart utført lekkasjesøk på linje 23.2.2025:

1 Renseanlegg- Rausand	(30 liter pr minutt)
3 Rausand -M Ødegård	(50 liter pr minutt)
3 M Ødegård- Hjortdal	
4 Hjordal -Svein Hjorhol	
8 M Ødegård - G.Skogvold	
5 Hjordal - G.Solberg	
7 G.Solberg - Frank Hole	(20 liter pr minutt)
6 G.Solberg - Nygard	
6 Nygard - Svein Linga	(10 liter pr minutt)
Antatt lekkasjar i parentes	
	(Totalforbruk ca 110 liter)

Medvirkande: Norman Hole, Kurt Lade, Oddbjørn Velle, Kjell Hansen

Stenging varsla og starta kl 2200. Ferdig ca 2330

Stengte linjer vart utført etter rekkefølge ovanfor.

Styret vil vidare drøft korleis ein skal utbetre lekkasjane på leidningsnettet.

2. Reservevassforsyning

Det har vore drøfta løysing for reservevatn til bruk under ein planlagt stans eller ved forureiningar i Brunstaddalen. Det er ei mulig løysing med uttak frå Brunstad kraft og Velle kraft. Vårt reinseanlegg er klargjort for slik tilkopling. Ei ev. tilkopling mot Brunstad kraft krev spesialsveis som toler høgt trykk.(Trykkklasse PN100)

Styreleiar ved Brunstad kraft har nyleg orientert vasslaget om at denne løysinga ikkje er heilt avklart i deira styre. Div. forhold rundt forskring, juridisk avklaring ved sal av fallrettar osv må inn i ein ev. avtale før dette kan bli ei realisert.

Det vil bli teikna ut ei mulig teknisk løysing.

Deretter må det bli nedfelt nødvendige juridiske avklaringar i ein avtale som gjer at Brunstad kraft kan gi klarsignal for tilkopling.

Andre aktuelle løysingar kan vere brønnboring t.d i samarbeid med eit enøk-prosjekt for grendahuset, eller ei leidning frå Drabløs gjennom Fetvatnet med tilkopling i Straumgjerde.

3. Nytt hus til reinseanlegget

Det er teikna ut planar for eit nytt hus til reinseanlegget. Planane må leggjast fram for Mattilsynet ved tilsyn dette året. Må også sjå vidare planarbeid i samband med etablering av reservevassskjelde. Det er søkt forsikringsselskapet vårt, Gjensidige om støtte til slikt arbeid.

Andre forhold:

Varsling ved stenging av vatnet

Det kom fram eit ønske frå årsmøtet at framtidige behov for stenging blir varsla i god tid. «Send melding/sms om ein jobb som må gjerast, og at vatnet kan bli avstengt dersom ein ser behov for det,» vart det sagt.

Styret tek dette til vitande, og vil prøve å utføre slik varsling ved neste behov for arbeid på vassnettet.

VII. Val

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre blei valt.

Tilråding om å utvide styret med eitt medlem vart også godkjent.

Nytt styre for 2025 blei:

Arne Oskarson,	styreleiar (2025-2026, på val 2027)
Normann Hole,	styremedlem, teknisk tilsyn (på val i 2026)
Asle Skoglund,	styremedlem, rekneskap (2025, på val 2026)
Sveinung Vemøy,	styremedlem (2025-2026, på val 2027)
Kjell Hansen,	1. varamedlem (2025)
Anita Kjersheim,	2. varamedlem (2025)

Valnemnda ynskte attval, og desse blei valt:

Hans Petter Sørensen (2025-2027, ny valnemnd i 2027)

Svein Ole Sørensen 2025-2027, ny valnemnd i 2027)

Tregardane 28.2.25

Sveinung Vemøy, referent.

Signert årsmelding:

1. Gunnar H. Skogvold
Gunnar Skogvold

2. Kjell Andre Brunstad
Kjell-Andre Brunstad